

Oslo 18.11.2020

MERKAND TIL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN

Underteikna er næraste nabo til det som tidlegare var to einebustader, og som no skal verte lågblokker og ei form for rekkehus, med 28 leiligheiter, i Alvervegen.

Dette nabovarslet vart først ikkje sendt til meg, eg var heilt uvitande inntil eg tilfeldigvis hørde frå andre naboar om varslet, og måtte etterspørre det. Eg meiner Arkokonsult som eit minimum må sikre at dei overheld pliktene sine til å gje varsel om mulige endringar, ikkje minst til den aller næraste naboen.

Eg har vanskar med å skjøne at ønske om endringa av materialval skal vera ein gyldig grunn for Alver Kommune til å fråvike ein vedteken arealplan. Materialval er opp til kvar utbyggjar å avgjere i god tid, og ikkje noko ein kjem på på oppløpssida, etter at ein har prøvd å selje leiligheiter i lengre tid. Eg meiner argumentasjonen til Arkokonsult ikkje sannsynleggjer særlege grunnar som tilseier eit brått behov for materialbyte. Forsøket på å argumentere for fordelar ved anna materialval forståast elles som irrelevante all den tid utbyggjar sjølv har gjort desse vala, og har fått godkjenning for bygga på bakgrunn av dette og utfrå gjeldande reguleringsplan. Heller ingen nye krav eller pålegg frå myndigheiter tilseier eit plutselig behov for endring av materialval. Påstandar om at å endre frå betong til tre vil kunne gje ei tidlegare ferdigstilling og dermed vere eit betre HMS-val (for kven?), er vanskeleg å ta alvorleg som gyldig grunn for ein dispensasjonssøknad. Eg vil tru at det å heve bygget vil gje vesentleg betre inntening fordi det gjev betre utsikt, og at det er dette som er motivasjonen for gjentekne søknader om dispensasjon.

Eg har ingen sans for å måtte skriva merknadar og innseiingar kvar månad på nye dispensasjonssøknader frå Arkokonsult. Det er som om vi som innbyggjarar til stadigheit må forsvare kvifor kommunens arealplan skal gjelda. Eg meiner det er å forvente av ein seriøs utbyggjar at ein heldt seg til gjeldande regelverk, og ikkje legg over på naboar å argumentere for kvifor regelverket skal følgjast. Arkokonsult kallar 38 cm for «ei justering». For meg som bur i same høgde og får bygget nokre meter frå meg, betyr dette mykje, fordi det sjølv sagt handlar om kor høgt bygget kjem i høve mine vindauge i denne retninga.

Eg ser meg lei på desse stadige søknadane om dispensasjon og vil be Arkokonsult respektere gjeldande plankrav og planlegge utfrå at desse er til for å haldast.

Mvh May-Irene Wergeland

